

Fykerud's farvel til Amerika

Ved Brukåsmogane mellom Langemyrdalen og Askildt i Bø ligg det ein attgrodd plass som heiter Fykerud. Her var den omtykte spelemannen Gamle-Hans Fykerud (1823-1879) i frå. H

Hans flutte til Sauherad saman med kona Torbjørg (1828-1920), og rudde der ein plass som blei kalla Fykerud-Kåsa.

Desse to fekk mange born i hop. Og den mest kjende av dei var sonen Lars, som blei fødd her i 1860.

Gamle-Hans var ein meisterspelemann av fyrste klasse, som gjekk for å vera av dei argaste konkurrentane til sjølvaste Møllarguten. Torbjørg var ikkje mindre gåverik og spela så nydeleg fint på sjøfløyte at det gjekk gjetord om henne. Slik voks Lars opp i ein heim der musikken stod i høgsetet - han fekk det frå båe kantar.

Som med så mange av dei som blei musikarar utover det vanlege, synde Lars tidleg at han var spelemann. Han tulla slåttar og leika med leikefeler frå han var ørliten. Allereie da synde han respekt for instrumentet – han bor det høgtidleg fram, og la det forsiktig ned att, som om det var det mest verdfulle han åtte.

I skulen gjekk det ikkje bra for honom. Fela stod i vegen for alt anna; han var allereie besett. Gamle-Hans såg dette, og kjende seg kanskje att i sonen. Han var difor ikkje så streng med Lars om han skofta. Han berre ropa: *"Kom innatt, gut! Og tak fela eller boka di."*

Men Lars lei likevel den same lagnaden som både far hans og Møllarguten: I Sauherad var det mange pietistar, og desse skjente og kikka med skeive augo på den besette guten.

Samtidig gjorde ungdomen som lika å feste stor stas på Lars. Dei betala spelemannen, og jamvel bøter som kunne bli pålagt ved ulovlege samankomstar.

Men ikkje berre pietistane såg sitt snitt til å kritisere kva Lars gjorde. I bondekulturen som prega desse traktene blei det sagt at han heller skulle gjera noko nyttig enn å halde på med dette unyttige.

Personar med ståstader så langt i frå kvarandre som dei og Lars kan aldri møtast og bli samde. Men heldigvis blei han fortald - og skjønna det etterkvart sjølv òg - at han måtte leva fullt ut dei evnene han var fødd med.

Det blei sagt om honom at han var som frå naturen innstilt til å vera spelemann, og berre det. Hendene hans var som skapt for å handsome fele og boge. Halvor Bråten skildra det slik: *"Han rådde ikkje seg sjølv, det var som om noko spela i gjennom honom. At han var eit medium for noko over."*

Det var ikkje så mange andre enn faren som var av eit visst kaliber av spelemenn i Sauherad denne tida. Skulle han treffe dei store, måtte han til Bøherad, Heddal, Seljord og Tinn - og enda lenger.

Dette, saman med pietismen og den lite forståingsfulle haldninga til bondefolket, gjorde at ei utferdstrong grodde tidleg opp i honom.

Han fór vide omkring, både på Aust- og Vestlandet etterkvart som han kom i opprop.

I 1884 gifte han seg med Anne Halvorsdotter Tveiten frå Heddal. Han fekk god medgift da og dei to flutte til Kongsberg, der han dreiv med både restaurant, privathotell og tråvhestar. Men han måtte nok ein gong innsjå at det var fela han var skapa for å handtere. Etter 3 år selde dei sitt på Kongsberg og kjøpte hus på Notodden.

I 1888 vann han den fyrste kappleiken i historia, på Grivi i Bø. Men Lars ville enda vidare: Ikkje lenge etteråt fekk han oppmodning om å reise til Amerika og spela for nordmenn der. I 1890 gjorde han det, og han blei hylla som ein konge av tilhøyrarane på konsertane i dei store byane rundt om i statane. Han tende store pengar på desse. I ei stor kyrkje skal han ha tent 1000 dollar ved eit høve og på ein annan konsert tende han 1600 dollar. Her blei han bore ut på gullstol av eit trollbunde publikum.

Diverre hadde ikkje Lars skikk på seg sjølv og pengane, og dollaren bia aldri lenge hjå honom. Han levde kva ein i dag kallar eit rock'n'roll-liv i Amerika, med stor hang til drikke og alt det fører med seg. Truleg var det også hardt for den sarte sjela til Lars, frå ein liten husmannsplass i Sauherad, å møte dette veldige landet – og at det ville livet gjorde det leveleg, men samtidig dødeleg.

Men han var òg ærekjær og lika stormannslivet. Han kalla seg Professor Hansson og fyra opp dyre sigarar med dollarsetlar.

Nokon hevdar òg at han blei mykje lura av folk han hadde med seg til å arrangere konsertar som reiste med pengeskrintet. Han blei også robba for mykje pengar og det var i det heile lite som skulle ligge til rette for at Lars kunne vende heim til gamlelandet som ein halden og stryka mann.

Ein dag fann dei honom meir død enn levande ved eit jernbanespor i Dakota. Da hadde han fått juling av ein gjeng.

Han blei lagt inn på sjukehus og blei skrive ut som ein svekka mann, med tæring i kroppen. Lars tok til å lengte heim i sjukdomen, etter 8 år i landet som både skulle gje honom og ta frå honom dei store moglegheitene. Og det blei stelt i stand ei kronerulling frå haldne folk i Bø, slik at han hadde til billetten heim til Noreg.

Da skipet la ut på havet såg Lars det landet som skulle bli hans bane forsvinne i horisonten. Da pakka han opp fela, stilte seg opp på dekk og spela ein slått som eit farvel til Amerika.

Det var lite att av den kjempa som reiste da han kom att til Noreg. Sjølv sa han det slik: *"Eg saknar så sjave meg,"* og *"Eg vil helst døy."*

Men han heldt framleis nokre konsertar rundt om i Noreg når det høvde honom. Stundom nådde han like store høgder som før, og han vann dei kappleikane han var med på. Folk la også merkje til at Lars hadde fått noko enda djupare i spelet – dei harde åra hadde gjeve honom noko ekstra. Men stundom orka han ikkje spela, berre svara: *"Nei, eg orkar ikkje spela noko så djupt nå."*

Tæringa herja i honom og i 1902 sovna han inn hjå mor si, og storbonden Halvor H. Borgen kosta ei storfelt gravferd for honom på kyrkjegarden i Bø.

Spelemannen Olav Høljeson Gåra hørte Lars Fykerud. Han blei spurt om å spela Fykeruds farvel til Amerika. Da svara han: *"Du skulle høyrte Fykerud sjølv spela det stykket. Det er berre som eit beinrangel det me spelemenn får til av detta. Eg hugsar fyrste gongen eg høyrde den slåttten. Det var på Frøyatun i Bø. Fykeruden sjølv stod på scenen. Brått sa han: 'Eg skal prøve å spela Farvelet mitt.' Noko så fint trur eg aldri eg får høyra her på jorda meir. G. O. Nordbø resite seg opp på benken og berre stirde som klumsa."*

Anbefala innspeling:

Knut Buen: "Fykerud'n" (BKCD4. Buen Kulturverkstad 1992)

Kjelder:

Halvor Braaten: Lars Fykerud